



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Volda samfunnshus  
**Dato:** 30.08.2018  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Egil Berg	Sindre Kvangarsnes	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H



## VOLDA KOMMUNE

---

Anne Natvik, gjekk kl. 15.20	Åshild Vik	SV
Kari Aslaug Hasle, PS 97/18	Gunnar Strøm	SV
Harald Ola Søvik, PS 97/18	Odd A. Folkestad	FRP

---

Frå administrasjonen møtte:

---

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar utvikling, PS 97/18

---

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
<b>PS 95/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>PS 96/18</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
<b>OS 35/18</b>	<b>Orientering Volda Campus Arena</b>
<b>PS 97/18</b>	<b>Godkjenning av planprogram - Voldsfjordkryssing - kommunedelplan</b>
<b>PS 98/18</b>	<b>Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap</b>
<b>PS 99/18</b>	<b>Ressursbehov ved eining for vatn og avløp</b>
<b>PS 100/18</b>	<b>Tilleggsoppmoding om busetjing 6 ekstra flyktningar i 2018</b>
<b>PS 101/18</b>	<b>Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle</b>
<b>FO 9/18</b>	<b>Grunngjeve spørsmål til ordføraren- Samleveggar til Håmyra - status og framdrift</b>
<b>PS 104/18</b>	<b>Oversendingsframlegg til administrasjonen - Innkjøp av mobil scene til kulturformål</b>
<b>PS 102/18</b>	<b>Orienteringssaker</b>
<b>OS 36/18</b>	<b>Demokratiprojektet blir avslutta</b>



# VOLDA KOMMUNE

PS 103/18

Delegerte saker frå avdelingane

## PS 95/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var 27 møtande ved møtestart.

### Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 23.08.2018. Møtet vart annonsert i «Møre» den 25.08.2018.

Arild Iversen, Krf, hadde følgjande merknader til innkallinga:

- Spørsmål om rutinar kring publisering av grunngjeve spørsmål. Ordføraren informerte om at praksis er å dele ut grunngjeve spørsmål, med svar frå ordføraren, i møtet. Denne praksisen vert endra, grunngjeve spørsmål vert ettersendt dagen før møtet.
- Ønske om at songteksta vert lagt på lesebretta, saman med sakspapira.

### Røysting innkalling:

Innkallinga, med merknad frå Arild Iversen, vart samrøystes godkjent.

### Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen, Krf.
- Oversendingsframlegg frå Erlend Krumsvik, Krf.

### Røysting sakliste:

Saklista, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### Dokument lagt ut på lesebretta den 29.08.2018 :

Oversendingsframlegg frå Erlend Krumsvik – Innkjøp av mobil scene til kulturformål

### Dokument utdelt i møtet:

Grunngjeve spørsmål frå Arild Iversen – Samleveg til Håmyra – status og framdriftsplan.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 96/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 21. juni 2018, vart samrøystes godkjent.

### **OS 35/18 Orientering Volda Campus Arena**

#### **Handsaming:**

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om sin habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1. l, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Idar Flo reiste spørsmål om sin habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, kl. § 40 og jf. fvl. § 6, 1. l, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

#### Røysting habilitet

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Idar Flo vart samrøystes kjent inhabil.

Det var 25 røysteføre under handsaming av saka.

Leiar for Volda Campus Arena Arild Bakke, arkitekt Stefan Ekberg og styremedlem Johnny Kragset presenterte prosjektet Volda Campus Arena.

Erlend Krumsvik, Idar Flo tok sete. Varamedlem Anne Nautvik gjekk og Åshild Vik tok sete kl. 15.20.

### **PS 97/18 Godkjenning av planprogram - Voldsfjordkryssing - kommunedelplan**

#### **Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek at planprogrammet for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden kan fastsettast slik det ligg før i utgåve 4. Alternativ 2B, med veg i dagen frå Andaneset til Rotset, vert å ta ut av planprogrammet.*

Gunnar Strøm, SV, reiste spørsmål om habilitet, han er nabo og part i saka, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1. a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent inhabil og vara Kari Hasle tok sete.



## VOLDA KOMMUNE

Edvin Dale, Frp, reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Edvin Dale vart samrøystes kjent inhabil.

Odd A. Folkestad, Frp, reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil og vara Harald Ola Søvik tok sete.

Arild Iversen, Krf, reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Arild Iversen vart samrøystes kjent inhabil.

Margrete Trovåg, A, reiste spørsmål om habilitet, ho er styremedlem i selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Margrete Trovåg vart samrøystes kjent inhabil.

Sakshandsamar Heidi Istad orienterte om saka.

Øyvind Festø, MDG, kom med slikt framlegg:

*Kommunestyret godkjenner ikkje planprogrammet for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden slik det ligg føre i utgåve 4.*

**Røysting** (24 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Øyvind Festø. Tilrådinga frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke, framlegget frå Øyvind Festø fekk 4 røyster og fall.

**Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2018:**

***Kommunestyret vedtek at planprogrammet for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden kan fastsetast slik det ligg før i utgåve 4. Alternativ 2B, med veg i dagen frå Andanaset til Rotset, vert å ta ut av planprogrammet.***



## VOLDA KOMMUNE

Gunnar Strøm, Edvin Dale, Odd A. Folkestad, Arild Iversen og Margrete Trovåg tok sete. Vara Kari Hasle og Harald Ola Søvik gjekk kl. 15:50.

### **PS 98/18 Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap**

#### **Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret vedtek at Volda kommune ikkje deltek i aksjeselskapet – Utviklingsforum for Ålesund lufthamn, Vigra AS.*
- 2. Volda kommune ser det som svært viktig at begge flyplassane på Sunnmøre vert utvikla i samsvar med næringslivet og samfunnet sine behov på Søre Sunnmøre og Sunnmøre samla sett.*

#### **Handsaming:**

Øyvind Festø, MDG, bad om punktvis røysting.

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster og vart vedteke, 1 røysta imot.

#### **Vedtak i kommunestyret - 30.08.2018:**

- 1. Kommunestyret vedtek at Volda kommune ikkje deltek i aksjeselskapet – Utviklingsforum for Ålesund lufthamn, Vigra AS.*
- 2. Volda kommune ser det som svært viktig at begge flyplassane på Sunnmøre vert utvikla i samsvar med næringslivet og samfunnet sine behov på Søre Sunnmøre og Sunnmøre samla sett.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 99/18 Ressursbehov ved eining for vatn og avløp

#### Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette 1 ny ingeniørstilling fast tilsett frå 1.1.2019. Kostnaden vert dekt innanfor sjølvkostområdet.*
- 2. Kommunestyret vil vurdere nærare resterande ressursbehov innanfor vatn og avløp i samband med komande budsjett- og økonomiplanprosess.*

#### Handsaming:

Odd A. Folkestad, Frp, bad om punktvis røysting.

#### Røysting (27 røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke, 4 røysta imot.  
Punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i kommunestyret - 30.08.2018:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette 1 ny ingeniørstilling fast tilsett frå 1.1.2019. Kostnaden vert dekt innanfor sjølvkostområdet.*
- 2. Kommunestyret vil vurdere nærare resterande ressursbehov innanfor vatn og avløp i samband med komande budsjett- og økonomiplanprosess.*

### PS 100/18 Tilleggsoppmoding om busetjing 6 ekstra flyktningar i 2018

#### Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 6 ekstra flyktningar i 2018, derav inntil 2 einslege mindreårige. Dvs. ei auke frå 14 til 20 busetjingsplassar i 2018. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Kommunestyret opprettheld k-vedtak 95/16 pkt. 1, om at utnytta plassar i 2016 og 2017 kan overførast til seinare år, totalt 4 plassar.*
- 4. Volda kommunestyre oppmodar staten så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktningpolitikken overfor kommunane.*



## VOLDA KOMMUNE

5. *Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktingar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
6. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktingar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen: Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt framlegg til nytt punkt 7:

*Grunna usikkerheit om talet på einslege mindreårige i 2019 vert organiseringa av EM-arbeidet som i dag inntil ny anmodning frå IMDI kjem i november.*

Det vart gjort ein redaksjonell endring i punkt 3, utnytta vert retta til unytta.

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk 5 røyster og falt, 22 røysta imot.

### **Vedtak i kommunestyret - 30.08.2018:**

1. ***Volda kommunestyre er positiv til å busetje 6 ekstra flyktingar i 2018, derav inntil 2 einslege mindreårige. Dvs. ei auke frå 14 til 20 busetjingsplassar i 2018. Familiesameiningar kjem i tillegg.***
2. ***Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktingar og einslege mindreårige.***
3. ***Kommunestyret opprettheld k-vedtak 95/16 pkt. 1, om at unytta plassar i 2016 og 2017 kan overførast til seinare år, totalt 4 plassar.***
4. ***Volda kommunestyre oppmodar staten så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktingpolitikken overfor kommunane.***
5. ***Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktingar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.***





## VOLDA KOMMUNE

6. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøklarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen: Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett*

### PS 101/18 Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle

#### Tilråding i Valnemnda 30.08.2018 til kommunestyret:

*Saka vert utsett.*

#### Handsaming:

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 30.08.2018:

*Saka vert utsett.*

### Grunngjeve spørsmål - interpellasjon

#### FO 9/18 Grunngjeve spørsmål til ordføraren- Samleveggar til Håmyra-status og framdrift

Arild Iversen, Krf, reiste grunngjeve spørsmål til ordføraren vedk. samleveggar Håmyra – status og framdrift. Ordføraren svara på spørsmålet frå Arild Iversen.

### PS 104/18 Oversendingsframlegg til administrasjonen - Innkjøp av mobil scene til kulturformål

#### Handsaming:

Oversendingsframlegget vart ettersendt til kommunestyret 29.08.18.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt oversendingsframlegg til administrasjonen:

*Volda kommune får årleg fleire søknadar frå ulike aktørar som vil ha støtte til festivalar og publikumsarrangement. Mykje av driftskostnadane til desse aktørane er å leie scene og lyd/lysutstyr, så dersom Volda kommune hadde ei mobil scene tilgjengeleg så ville utlån av denne svare til ei kommunal støtte på ca. 40.000,- per arrangement.*

- Eksempel på norskprodusert mobil scene: <https://vimeo.com/138064540>
- Eksempel på tyskprodusert mobil scene: [https://youtu.be/a5aeHxIA\\_vo](https://youtu.be/a5aeHxIA_vo)



## VOLDA KOMMUNE

*Ei mobil scene har fylgjande føremonar:*

- *Lav hengarvekt, som kan køyrast av type bilar kl B/BE.*
- *Rask riggetid på 30 min, av 1 til 2 personer (avhengig av modell).*
- *Lett utstyr som er enkelt å flytte*
- *Kan nyttast innandørs i idrettshallar*

*Innkjøpskostnad på scene, avhengig av størrelse, ligg frå 400.000 til 675.000,-*

*Forslagsstillar melder fylgjande forslag til Formannskapet:*

1. *Frivilligsentralen kan nyttast til å kartlegge behovet for Mobil scene i kulturlivet i Volda. Kartlegginga kan gjennomførast gjennom haust 2018 og vinter 2019, slik at eit forslag til vedtak kan gjerast tilstrekkeleg tidleg for evt. innkjøp av materiell til sommaren 2019.*
2. *Dersom Volda kommune gjekk til innkjøp av ei mobil scene, så ville det være naturleg å legge denne i drift under Eigedomsavdelinga. Dei har nødvendig materiell og fagkompetanse til å handtere materielle og vedlikehald, avgrensa til scena åleine. Lyd- og lysutstyr bør andre eige, og ta seg av.*
3. *Innspelet kan ha relevans for budsjettprosessen 2019.*

*Det er ikkje i forslagsstillars tanke at disponible midlar til kulturformål skal takast vekk. Det vil fortsett være aktørar som ikkje har behov for mobil scene, og som treng ei støttande hand frå kommunen. Innkjøp av ei mobil scene kan være ein viktig katalysator for å realisere kultursatsing blant mange aktørar i vår kommune.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Det vart samrøystes vedteke å sende oversendingsframlegget til vidare handsaming i administrasjonen.

**Oversendingsframlegg i Kommunestyret - 30.08.2018 til administrasjonen:**

*Volda kommune får årleg fleire søknadar frå ulike aktørar som vil ha støtte til festivalar og publikumsarrangement. Mykje av driftskostnadane til desse aktørane er å leie scene og lyd/lysutstyr, så dersom Volda kommune hadde ei mobil scene tilgjengeleg så ville utlån av denne svare til ei kommunal støtte på ca. 40.000,- per arrangement.*

- *Eksempel på norskprodusert mobil scene: <https://vimeo.com/138064540>*
- *Eksempel på tyskprodusert mobil scene: [https://youtu.be/a5aeHxIA\\_vo](https://youtu.be/a5aeHxIA_vo)*

*Ei mobil scene har fylgjande føremonar:*

- *Lav hengarvekt, som kan køyrast av type bilar kl B/BE.*
- *Rask riggetid på 30 min, av 1 til 2 personer (avhengig av modell).*
- *Lett utstyr som er enkelt å flytte*
- *Kan nyttast innandørs i idrettshallar*

*Innkjøpskostnad på scene, avhengig av størrelse, ligg frå 400.000 til 675.000,-*



*Forslagsstillar melder fylgjande forslag til Formannskapet:*

- 4. Frivilligsentralen kan nyttast til å kartlegge behovet for Mobil scene i kulturlivet i Volda. Kartlegginga kan gjennomførast gjennom haust 2018 og vinter 2019, slik at eit forslag til vedtak kan gjerast tilstrekkeleg tidleg for evt. innkjøp av materiell til sommaren 2019.*
- 5. Dersom Volda kommune gjekk til innkjøp av ei mobil scene, så ville det være naturleg å legge denne i drift under Eigedomsavdelinga. Dei har nødvendig materiell og fagkompetanse til å handtere materielle og vedlikehald, avgrensa til scena åleine. Lyd- og lysutstyr bør andre eige, og ta seg av.*
- 6. Innspelet kan ha relevans for budsjettprosessen 2019.*

*Det er ikkje i forslagsstillars tanke at disponible midlar til kulturformål skal takast vekk. Det vil fortsett være aktørar som ikkje har behov for mobil scene, og som treng ei støttande hand frå kommunen. Innkjøp av ei mobil scene kan være ein viktig katalysator for å realisere kultursatsing blant mange aktørar i vår kommune.*

#### **PS 102/18 Orienteringssaker**

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

#### **OS 36/18 Demokratiprojektet blir avslutta**

#### **PS 103/18 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.



## VOLDA KOMMUNE

### Delegeringssaker frå avdelingane

DS 109/18 Ferdigattest, bustad Gbr 2/97  
DS 110/18 Løyve til endring Gbr 10/7  
DS 111/18 Ferdigattest, påbygg Gbr 11/49/0/2  
DS 112/18 Mellombels bruksløyve, innomhus Gbr 12/43  
DS 113/18 Ferdigattest, tilbygg Gbr 13/2  
DS 114/18 Rammeløyve 4 stk lågblokker Gamlevegen, gbr 15/68  
DS 115/18 Mellombels bruksløyve Gbr 17/241  
DS 116/18 Mellombels bruksløyve, bustad Gbr 17/235  
DS 117/18 Løyve til endring Gbr 17/162  
DS 118/18 Rammeløyve, 2 stk tomannsbustadar Gbr 18/7  
DS 119/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/284  
DS 120/18 Ferdigattest, tomannsbustad Gbr 27/146  
DS 121/18 Løyve til tiltak, teknisk bygning Rotset Gbr 30/356  
DS 122/18 Ferdigattest Gbr 30/26  
DS 123/18 Rammeløyve, garasje Gbr 30/4  
DS 124/18 Løyve til tiltak, tilbygg teknisk bygning Gbr 32/15  
DS 125/18 Løyve til tiltak, gapahuk Gbr 33/1  
DS 126/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 35/14  
DS 127/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 38/12  
DS 128/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 39/1  
DS 129/18 Løyve til tiltak, betongbrygge Gbr 42/3  
DS 130/18 Rammeløyve, tilbygg og naust Gbr 43/13  
DS 131/18 Mellombels bruksløyve, einebustad Gbr 54/7  
DS 132/18 Løyve til tiltak utan ansvarsrett Gbr 89/9  
DS 133/18 Løyve til tiltak, tilbygg til driftsbygning Gbr 91/3  
DS 134/18 Løyve til tiltak, tak over terrasse Gbr 95/31  
DS 135/18 Ferdigattest, riving av bygning Gbr 104/1  
DS 136/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 105/1  
DS 137/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 107/8  
DS 138/18 Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 107/133  
DS 139/18 Ferdigattest, flytebrygge og fylling i sjø Gbr 131/7  
DS 140/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 125/1  
DS 141/18 Ferdigattest, gbr 146/42

Møtet slutt kl. 17.12

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
31.08.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent